



Notat

Dato: 20.08.2014
Arkivsak: 2014/2-47
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Utfordringar ved Vg3 i skule til fagbrev innan maritime konvensjonsfag

Elevar i vidaregåande skule ved maritime konvensjonsfag som ikkje får læreplass, vert tilbydd Vg3 i skule og oppnår vitnemål med fagbrev. Med Vg3 i skule får elevane ikkje gjennomført naudsynt seglingstid og endar opp med eit fagbrev utan ferdigheitssertifikat. Desse elevane må i tillegg til fagbrevet ha 18 månader fartstid på dekk på sjøgåande skip for matros, og minst 12 månader fartstid i maskinavdeling på skip for motormann for å få utstedt ferdigheitssertifikat av Sjøfartsdirektoratet. På grunn av dette vil det vere vanskeleg å få jobb etter dei maritime utdanningane med Vg3 i skule, og umogeleg etter 2017 når nye krav til sertifisering trer i kraft.

Når elevane får fagbrev innan maritime fag gjennom Vg3 i skule, vil dei i høve fagskulelova vere kvalifiserte til å søkje seg inn på fagskulen. Om dei får plass på fagskulen, vil problemet fortsette, og dei vil få meir og meir etterslep på fartstid. Når studentane er ferdige på fagskulen, vil dei ikkje kunne løyse sertifikat som dei andre fagskulestudentane. Soleis får dei ei utdanning dei ikkje vil kunne bruke i arbeidslivet, noko som er svært ugunstig for den enkelte student og samfunnet elles.

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga er i dialog med NOKUT om denne problemstillinga.